

Medlemsinformasjon

Nye søknadsfristar og nytt søknadsskjema

- 1. mai - teljedato
- 15. mai - søknadsfrist for første registrering i nytt søknadsskjema
- Juni 2017 – utbetaling etter søknad januar 2017
- 1. oktober – teljedato – tilskot ferie og fritid 2017 – utbetalt februar 2018
- 15. oktober – søknadsfrist for andre registrering i nytt søknadsskjema
- 10. januar 2018 – etterregistrering opplysningar – resten av tilskot ferie og fritid

Frå 2018 blir første teljedato 1. mars med søknadsfrist 15.mars.

Skjema finn de på www.landbruksdirektoratet.no

Kurssatsing

Vi ynskjer å arrangere ulike kurs som passar både for bonden og avløysaren. Kan de kome med innspel til oss på kva de ynskjer ? Send ei melding eller kom innom kontoret ein tur. Eksempelvis varme arbeid, motorsagkurs, maskinførarkurs, rydding langs veg, lift.....

30-31 mai blir det trulig kurs i bruk av Webtemp. Dette er det nye lønssystemet med elektroniske timelister som vi har teke i bruk. Det blir kurs både på dagtid og kveldstid, slik at vi får dele opp etter behov.

Faktura på e-post

Vi har fått ein del e-post adresser, men vi ynskjer oss fleire. Vi ber om at de også hugsar på å opne e-posten av og til ☺ nokon seier dei ikkje har fått faktura, men så ligg den på ein uopna e-post. Hugs også på å ta vare på fakturaene til rekneskapen.

Avtale mellom oppdragsgjevar og arbeidsgjevar

Vi sendte ut eit skjema for ei tid tilbake med ei oppdragsgjevaravtale. Denne skulle signerast og sendast tilbake til laget. Vi har fått inn nokre, men manglar framleis ein del. Denne avtala er svært viktig om eit uhell skulle vere ute med avløysaren.



God Påske frå Landbrukstenester Nordfjord